



Ein god, gamaldags slåttedugnad vart gjennomført i dag som ei skikkeleg førebuing til Festidalen. Rett nok skilte den seg noko frå dei dugnadane vi var med på i oppveksten, til dømes var ikkje slåttegrauten der av såkalla ernæringsmessige grunnar. Mekaniseringa var også ny, hesten har takka for seg. Men viljen og evnen til å lyfta i flokk var det viktigaste og den var der. Jobben vart såleis gjort på halvannen time. Både innbyggjarar og tilreisande jobba som heltar.

Oppslutnaden var svært god, med 20 som svinga rivene langs grusbana og 60 som hesja på Dønhaugjordet.

Pål Haugland hadde transportansvaret denne gongen også og opplyste at graset var betre enn i fjor. Han og slåttekar Ståle Eik var imidlertid kritiske og lot det minst fristande liggja att.



No er det pynta der det pyntast skal, også porten er på plass. Men den hadde ein annan komitee ansvaret for. Arenaen har ein noko annan utforming enn i fjor utifrå erfaring frå i fjor og fordi sikkerheiten bør stå i fokus. I fjor vart det til dømes nesten uforvarleg tett av folk på låven då regnet kom. I år vil ikkje publikum få adgang til låven, det gjer berre sponsorane.



Ein annan endring er at serveringa i år vil skje i eit stort telt og der vil også dei frivillige verta plasert. Ifjor vart det servert i små bodar og det skapte ein uoversiktleg situasjon. Arrangørane er i det heile svært vakne for endringar av produktet til det betre.



Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Serveringa skal skje i eit stort telt denne gongen